

# DRIVKRAFT 2030

## REISELIVSSTRATEGI FOR DESTINASJONSLEIINGA I SULDAL 2023-30



Skattkammeret Suldal. © Lise Bjelland/Dag Jenssen

**Noregs fremste kraftdestinasjon**

**Attraktiv | Autentisk | Ansvarleg**

Prosjektansvarleg: Næringshagen i Ryfylke  
Vedteke av destinasjonsleiinga: 26.05.2023



## INTRODUKSJON

Suldal kommune ligg heilt nordaust i Rogaland og Ryfylke. Kommunen er den største i utbreiing i fylket med sine 1735 km<sup>2</sup>, men har eit forholdsvis lågt folketal med i underkant av 4000 innbyggjarar. Suldal ligg langs Nasjonal Turistveg Ryfylke, mellom Preikestolen og Trolltunga.

Suldal er rik på naturressursar og over ein fjerdedel av Suldal er verna natur, fordelt på 14 store og små verneområde. Høgfjellet i Suldal blir som oftast omtala som «Suldalsheiane», og er ein del av fjellområdet Setesdal, Vesthei-Ryfylkeheiane. I Suldal finn ein mellom anna fem av dei sju høgaste toppane i Rogaland, der den høgaste av dei er Vassdalseggji med sine 1652 moh. Heiområda i Suldal er også heim til Nord Europas sørlegaste villreinstamme, som mellom anna verneområdet «Dyraheio» har fått sitt namn etter. Suldal har også ei kystlinje på over 300 km med 40 øyar og fleire flotte fjordar, Rogalands største innsjø; Suldalsvatnet og den populære lakseelva Suldalslågen.

Suldal er også ein viktig kulturkommune med sær mange og flotte registrerte kulturminne og velbevarte kulturmiljø, kombinert med dagens levande og mangfaldige kulturliv. Den dag i dag kan ein i Suldal finne fleire tusen år gamle spor etter menneske, som steinalderbuplassar, dyregraver, helleristningsfelt, skålgroper, bygdeborger, gravhaugar og hustufter. Fram til 1800-talet var det berre gong- og kløyveveggar i kommunen med mange vel dokumenterte ferdseisveggar over fjellet til Røldal, Setesdal og Telemark. Frå nyare tider har ein også heilskaplege tettstadmiljø, kyrkjer, historiske gardstun og kulturlandskap.

Næringslivet i Suldal har lenge vore prega av landbruksnæringa. Frå midten av 1900-talet gjorde store kraftutbyggingar Suldal til den viktigaste kraftkommunen i Noreg, som i dag står for 8% av årleg kraftproduksjon i landet. Suldal har også Noregs største pukkverk, Norsk Stein. Samla sett er brorparten av dei sysselsette i Suldal i dag innanfor industri, landbruk, offentlege tenester, handel og reiseliv. Reiselivet har vore viktig næring gjennom generasjonar, der variert natur, friluftsliv og laksefiske står sentralt. Suldal er også ein av dei største hyttekommunane i



Rogaland. I dei seinare åra har ein også sett fleire nyetableringar innanfor reiselivet som har diversifisert tilbodet i Suldal med nye overnattingsstader, aktivitetstilbod og fleire nye satsingar på gardsturisme. Likevel ser ein at reiselivet står i ei krevjande tid prega av pandemi, endra reisevanar, berekraftig omstilling, rask prisauke og lågare kjøpekraft frå viktige marknader.

I ei tid der Suldalssamfunnet er prega av fråflyttig og ei aldrende befolkning er reiselivet ei drivkraft for attraktiv, autentisk og ansvarleg samfunnsutvikling som bidrar til å skape gode opplevingar, attraktive arbeidsplassar, levande grender og ei styrkja identitetskjenneleik blant innbyggjarane, samtidig som ein løfter fram og vernar om kommunen sitt naturmangfald, rike kulturhistorie og lange tradisjonar. I denne reiselivsstrategien legg ein fram konkrete mål, strategiområde og tiltak for korleis reiselivet skal utviklast for å posisjonere Suldal som eit reisemål internasjonalt, samstundes som reiselivet fungerer som samfunnsbygger. Samhandling, ein dedikasjon frå alle aktørar involvert i reiselivsutviklinga til den felles målsetninga og etablering av finansieringsmodellar er avgjerande faktorar for om ein vil lukkast. Arbeidet er forankra i «Berekraftig Reisemål» ordninga som eit felles rammeverk for heilskapleg berekraftig utvikling av reisemålet.

### Kva er Berekraftig Reisemål-ordninga?

"Berekraftig Reisemål" er ei nasjonal merkeordning drifta av Innovasjon Norge som gir reisemål målbare indikatorar og strategiske verktøy som ein kan ta i bruk i den langsiktige og heilskaplege reisemålsutviklinga på destinasjonen. Ordninga, med sine omlag 80 indikatorar, er kopla opp mot FN sine berekraftsmål og andre standardar for berekraftig utvikling, der ein skal sikre bevaring av natur, kultur og miljø, styrking av sosiale verdiar og økonomisk levedyktighet. Ordninga legg opp til at ein skal utvikle eit reisemål som gir gjensidig vinning for gjester, så vel som lokalbefolkninga og lokale verksemdar. Å vera merka som eit "Berekraftig Reisemål" betyr ikkje at ein er berekraftig, men at ein arbeider strategisk med å sikre ei berekraftig utvikling der ein må vise til betring innanfor indikatorane ved kvar treårige re-merking. Suldal blei merka for første gong i 2020, som eit av dei første 15 reisemåla i landet. I dag er det omlag 50 reisemål som arbeider inn mot ordninga.



## MÅLBILDE FOR SULDAL 2030

*Tenk deg eit Suldal der du kan koma til grendene våre med grøne, saumlause transporttilbod. Kanskje nyt du panoramautsikt over fjordane og grendene våre med båt frå Haugalandet eller Stavanger, eller kanskje du slappar av på bussen som snirkclar seg gjennom flott natur på våre trygge vegar? Reiser du med bil kan du velje fritt mellom ei rekke ladestasjonar, der du kan nyte naturen og bygdelivet rundt. Kanskje blir du inspirert til å slå deg ned for ei natt berre slik at du får utforska opplevingane og roa som bygda har å tilby? Og når du først er i Suldal kan du koma deg frå grend til grend ved å ta i bruk våre utsleppsfrie kollektivløysingar, sykkelnettverk og gangstiar.*

*Tenk deg eit Suldal som er i verdsklassa på formidling og kunnskapsdeling rundt berekraftig energiproduksjon, der du kan utforske det utfordrande kryssingspunktet mellom utvikling av fornybar energi og naturvern. Kanskje kan du tre inn i historiske epokar knytt til kraftutviklinga i Suldal eller sjølv styre kraftproduksjonen i eit anlegg for å få innsikt i korleis fornybar energi er avgjerande for ei berekraftig framtid? Tenk deg eit Suldal som byr på eit mangfald av kraftfulle opplevingar innanfor natur, kultur og historie. Eit Suldal der du kan symje med villaksen, der du kan tre inn i historia for å få personlege møte med tidlegare tider og der du med digitale løysingar kjem så tett på verdas sørlegaste villreinstamme at du må halde pusten medan den spring over fjella i horisonten framføre deg. Eit Suldal der føler deg på toppen av verda på våre mange fjelltoppar, der du kan hive deg nedover majestetiske fjell i puddersnø, der du kan segle innover speglblanke fjordarmar og der det er nok turstiar til å oppleve noko nytt kvar dag i året. Tenk deg eit Suldal der du kan nyte avslappande dagar i våre idylliske grendesentrum, delta på sparande arrangement og nyte måltid basert på råvarene regionen tilbyr. Dette er eit reiseliv der opplevingsutviklinga like mykje handlar om kva me vil verne om som det me vil vise fram, og der reiselivet er ein pådrivar for å løfte fram og spreie kunnskap om vår historie, tradisjonar, identitet, dyremangfald og natur.*



*Tenk deg eit Suldal der reiselivet ikkje berre skapar reiselyst og gode opplevingar, men der ein også bidrar til å utvikle moderne og attraktive grender, ansvarlege og solide bedrifter og bevisste og stolte innbyggjarar i dag, og for framtida. Der reiselivet bidrar til innovative bedrifter som gjer Suldal til ein attraktiv stad å bu og besøke, men også til ein stad med trygge, heilårige arbeidsplassar og spanande moglegheiter der du ønskjer å busetje deg. Ein stad der merkevarebygginga av reiselivet vårt så vel som å posisjonere Suldal på verdskartet bygger stolte, ansvarlege og rause innbyggjarar.*

*Dette er vår ambisjon for 2030.*

## **ORGANISERING AV ARBEIDET**

### **Bakgrunn og mandat**

Første halvdel av 2023 har destinasjonsleiinga i Suldal kome saman for å utvikle ein oppdatert reiselivsstrategi for reisemålet vårt.

Reiselivsstrategien skal vere førande for reisemålsutviklinga under destinasjonsleiinga i Suldal, og er å sjå på som eit partnerskap mellom akøtrane beståande av Næringshagen i Ryfylke, Suldal kommune og Suldal Næringsforening v/Reiselivsgruppa.

Målsetninga med masterplanen er som følgjer:

- Å revidere handlingsplan for berekraftig reisemålsutvikling, Suldal, 2017-2020 og å gjera opp status for reisemålet si utvikling.
- Å fastsetje ein felles ambisjonar, mål og aktivitetar som skal vera førande for reisemålsutviklinga i Suldal mot 2030, i tråd med dei 10 prinsippa for berekraftig reiseliv og FN sine berekraftsmål.



- Å sikre at Suldal er kvalifisert for re-merking av «Merket for Berekraftig reisemål» under ordninga til Innovasjon Norge Reiseliv med tilhøyrande målbare indikatorar, og vidare at dokumentet skal sikre at ein arbeider strategisk og målretta med å betre målingar mellom kvar merking.

Styringsgruppa starta opp arbeidet i januar 2023 der den fullstendige reiselivsstrategien blei presentert i mai 2023.

Det er viktig å presisere at finansieringsmodellar for aktivitetar og ambisjonar sett ut i reiselivsstrategien og forankring inn mot kommunen sitt planverk ikkje ligg til styringsgruppa sitt mandat. Dette vil vera avgjerande for at ein skal nå måla i strategien.

### **Organisering av arbeidet**

Arbeidet med å utvikle ein masterplan for Suldal er organisert etter ProsjektLeiar-Prosessen (PLP) modellen der Næringshagen i Ryfylke står som prosjekteigar, prosjektansvarleg og har prosjektleiinga.

#### Styringsgruppe

Laila Steine – dagleg leiar, Næringshagen i Ryfylke

Øyvind Stueland – kommunalsjef for kultur- og samfunnsutvikling, Suldal kommune

Dagfinn Hatløy – einingsleiar bygdeutvikling, Suldal kommune

Helge Naustvik – leiar i Suldal Næringsforening, leiar i Reiselivsgruppa v/ Suldal Næringsforening

Anita Svendheim – prosjektleiar, Næringshagen i Ryfylke

#### Referansegruppe

Thomas Bergeland – rådgjevar reiseliv, Rogaland fylkeskommune

Annabell Pfluger – seinorrådgjevar, Statsforvaltaren  
Alf Odden – Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane (SVR)  
Hans Olav Sandvoll – dagleg leiar, Ryfylke Friluftsråd  
Liv Jorunn Tjelmeland – reiselivssjef, Reisemål Ryfylke  
Andreas Skogseth – dagleg leiar, Hardangerfjord  
Torborg Kleppa – rådgjevar landbruk og næring, Hjelmeland kommune  
Ragnar Fosstveit – dagleg leiar, Sauda Ferie & Fritid  
Johannes Apon – Lysefjorden Utvikling  
Helene Lillebø - reiselivsansvarleg, Ullensvang kommune  
Unn Hovden – dagleg leiar, Destinasjon Hovden  
Bonolo Ramphomane-Aandahl – avdelingsleiar Suldal Bad, leiar i Sandsgruppa v/Suldal Næringsforening, eigar Brunsj (serveringsstad)  
Marie Bonlokke Missuno – førstekonservator, Ryfylkemuseet  
Olav Lindseth – eigar og dagleg leiar, Energihotellet  
Bjørn Moe – eigar og driftar, Mo Laksegard (overnatting, aktivitetsturisme, laksefiske, grunneigar)  
Nils Paul og Anne Marie Fisketjøn – eigarar og driftarar, Osa-Bu (hyttetun)  
Toyni Tobekk – eigar, Hebnes vingard (lokalmatentreprenør, gardsturisme, landbruk)  
Terje Bjørndal – eigar og dagleg leiar Kulp As (kafe, catering)  
Øyvind Stuevik – eigar og dagleg leiar, Fjord Expedition (aktivitetsturisme)  
Tore Sirnes – hytteinnbyggjar  
Hans Sæter – dagleg leiar, Suldal Jakt- og Fiskelag  
Halvor Hedenstad – bestyrar, Stranddalshytta (DNT)  
Odd Helge Løyning – fagsjef, naturforvaltning (DNT)



Tor Gunnar Eide- dagleg leiar, Suldal Hyttebygg

### **Finansiering av arbeidet**

Arbeidet med utviklinga av reiselivsstrategien for Suldal er finansiert gjennom støtte frå Suldal kommune, Næringshagen i Ryfylke og Suldal Næringsforening, i tillegg til støtte frå Innovasjon Norge. Deltakarane i styringsgruppa og referansegruppa har også bidratt med eigeninnsats.

### **Arbeidsprosessen**

Arbeidet med å utvikle ein reiselivsstrategi for Suldal var lagt til perioden januar 2023 – mai 2023. Gjennom desse fem månadane har styringsgruppa totalt hatt fem felles møte for prosjektoppfølgning og statusrapportering. Lokalbefolkning, hytteinnbyggjarar, medlemsbedrifter i Suldal Næringsforening og gjester på reisemålet har gitt innspel til strategien gjennom undersøkingar som fast blir gjennomført på reisemålet. Reiselivet, øvrig næringsliv, lokalbefolkning, det frivillige, kulturaktørar og forvaltning har blitt invitert med i arbeidet gjennom eigen innspelsrunde. Reiselivet har også delteke aktivt i utviklingsarbeidet gjennom workshop, i tillegg til at ein har blitt oppdatert på arbeidet gjennom etablerte møteplassar for reiselivsspørsmål på reisemålet. Suldal kommune har blitt orientert om arbeidet med utviklinga av ny reiselivsstrategi og den parallelle remerkinga av Suldal som eit «Berekraftig reisemål» gjennom deltaking i styringsgruppa og gjennom innlegg til kommunestyret. Referansegruppa, som representerer det offentlege, forvaltning, destinasjonsselskapa for regionen, lokalt næringsliv, reiselivsansvarlege i nabokommunar og andre sentrale reiselivsaktørar har delteke i arbeidet gjennom innspel og revidering av utkast.

### **Informasjonsgrunnlag for strategiplanen**

Denne strategien bygger på nasjonale -, regionale- og kommunale strategiar og planverk, samt kartleggingar/undersøkingar utført lokalt gjennom dei siste åra. Utover dette bygger reiselivsstrategien på samarbeid, dialog og innspel frå sentrale aktørar for reiselivsnæringa i Suldal lokalt, regionalt og nasjonalt.





Her er ei oversikt over den viktigaste litteraturen som ligg til grunn for reiselivsstrategien:

- FN sine berekraftsmål
- Dei ti prinsippa for berekraftig reiseliv, Innovasjon Norge
- Den nasjonale reiselivsstrategien (2021), Innovasjon Norge
- Strategi for kultur og reiseliv (2019), Kultur- og Nærings- og fiskeridepartementet
- NOU 2023:10: Leve og oppleve – reisemål for en bærekraftig framtid (2023), Regjeringa
- «Berekraftig reisemål» ordninga og Standard 3.0, Innovasjon Norge
- Nærings- og innovasjonsstrategi (2021), Rogaland Fylkeskommune
- Regionalplan for kulturmiljø (utkast 2023), Rogaland fylkeskommune
- Besøksstrategi SVR 2019-2025, SVR
- Strategi 23-26, Reisemål Ryfylke
- Kommuneplan (2015-2024), Suldal kommune
- Kommuneplan 2022-2034 (utkast 2023), Suldal kommune
- Kulturminneplan (2018), Suldal kommune
- Handlingsplan for berekraftig reisemålsutvikling Suldal 2017-2020
- Verdiskapingsanalyse (2019), Næringshagen i Ryfylke
- Gjesteundersøking (2021), Næringshagen i Ryfylke
- Hytteundersøking (2023), Næringshagen i Ryfylke
- Innbyggjarundersøking (2023), Næringshagen i Ryfylke
- Medlemsundersøking/bedriftsundersøking (2023), Næringshagen i Ryfylke





Figur: Dei 10 prinsippa for berekraftig reisemålsutvikling, Innovasjon Norge basert på UNWTO

### Gjennomføring, involvering og rapportering

Det er destinasjonsleiinga som vil ha det overordna ansvaret for gjennomføringa av reiselivsstrategien for Suldal, der rollefordelinga må avklarast i handlingsplanen år for år. Rammene for dette arbeidet er sett opp etter eit årshjul som bygger på Merkeordninga «Berekraftig Reisemål» sin Standard og rammeverk for god risikostyring.

Årshjul for destinasjonsleiinga - Suldal				
	Kvartal 3	Kvartal 4	Kvartal 1	Kvartal 2

Oppgaver i driftsår	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang strategi, verdier og samfunnsansvar i reiselivsstrategien</li> <li>- Risikovurdering</li> <li>- Arbeidsfordeling</li> <li>- Godkjenning av handlingsplan og budsjett</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføring</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføring</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Forankring og kommunikasjon</li> <li>- Rapportering av status og resultat</li> </ul>
Tilleggsoppgaver i re-merkings-år gjennom «Berekraftig Reisemål»-ordninga (kvart tredje år)	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Revidering av reiselivsstrategi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Måling på indikatorar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Måling på indikatorar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontrollbesøk</li> </ul>

For å sikre god forankring og legitimitet både politisk og hjå næringsaktørane skal destinasjonsleiinga, med representantar frå Suldal kommune og næring, ha minimum to faste møtepunkt per år. Dette skal skje i samband med gjennomgang av strategien og godkjenning av handlingsplanen (kvartal 3) og ved oppgjering av status, evaluering og rapportering på gjennomført arbeid (kvartal 2). Ei større revidering av reiselivsstrategien og måling på indikatorane i standarden til Berekraftig Reisemål-ordninga skal gjerast kvart tredje år i samband med re-merking, der det blir lagt opp til fleire møtepunkt.



Formell rapportering skjer minimum to gonger per år til styret i Næringshagen i Ryfylke, to gonger per år til styret i Suldal Næringsforening, ein gong årleg gjennom innlegg i kommunestyret i Suldal og i to årlege dialogmøte med formannskap og politisk leiing i Suldal kommune. For å sikre god framdrift og engasjement og involvering frå aktørane vil ein i tillegg kunne ha fleire uformelle møte i partnerskapet for realisering av planen. Presentasjonar og orientering vil vidare bli ein naturleg del på eksempelvis ulike nettverkssamlingar, temamøte og reiselivsseminar i regi av destinasjonsleiinga.

## REISEMÅLET SULDAL I DAG

### Destinasjonsleiinga i Suldal

Destinasjonsleiinga i Suldal består av Suldal kommune, Suldal Næringsforening v/Reiselivsgruppa og Næringshagen i Ryfylke. Suldal Næringsforening er medlemsforeininga til det private næringslivet i Suldal, med eiga referansegruppe for Reiselivet og Sandsgruppa. Organisasjonen består av i overkant av 80 medlem. Næringshagen i Ryfylke er eit regionalt innovasjons- og utviklingsselskap, og ein næringshage under SIVA.

Andre viktige samarbeidspartnarar i reiselivet i Suldal er øvrig næringsliv, ulike einingar i Suldal kommune, Kulturhuset i Suldal, Suldal Bad, grendeutval, Ryfylkemuseet, frivillige lag og - organisasjonar og andre organisasjonar. Ein har også tett dialog med forvaltninga representert av mellom anna kommune, fylkeskommunen og SVR. Regionalt arbeider Suldal tett med andre reisemål i regionen, destinasjonsselskapet Reisemål Ryfylke og Rogaland fylkeskommune. Det er også eit samarbeid med destinasjonsselskapet på andre sida av fylkesgrensa i nord: Visit Hardangerfjord.

Etter eigen treårig oppdragsavtale med Suldal kommune, fornya i 2022, har Næringshagen i Ryfylke ansvaret for ulike driftsoppgåver relatert til reiselivsutviklinga i Suldal, som mellom anna drift av eit klasse 1 heilårig turistkontor etter NHO Reiseliv sin standard, drift av Laksestudio i sesong, merkevarebygging og marknadskommunikasjon for reisemålet og rolla som første kontaktpunkt for reiselivet i kommunen. Gjennom eit



samarbeid Suldal Næringsforening v/Reiselivsgruppa promoterer Næringshagen i Ryfylke deira medlemsbedrifter gjennom Visit Suldal sine kanalar og utviklar den toårige turistbrosjyra for reisemålet. Vidare er Næringshagen i Ryfylke prosjekteigar og prosjektansvarleg for merkeordninga Berekraftig Reisemål.

### **Suldal som ein historisk reiselivsdestinasjon**

Suldal har vore ein viktig reiselivsdestinasjon heilt sidan den moderne turismen utvikla seg. Turen frå Sand eller Hylen opp Suldalsføret over Suldalsvatnet har vore ei viktig reiserute, historisk ferdselsveg og pilegrimsveg i fleire hundre år. På 1800-talet fekk ein besøk av dei første engelske lakselordane som kom til dalen på grunn av den store lakseelva Suldalslågen, leigde rettane til fisket og bygde sine lakselott ved elva. Suldal var også eit stopp under «The Discovery Route», den første pakketuren frå England til Noreg til det historiske reiselivsbyrået Thomas Cook. Då vegen gjennom Brattlandsdalen opna i 1887 var den ein viktig del av «Turistrute 7» og Stavanger turistforening sin «The new inland route» som gjekk frå Stavanger via Hardanger til Bergen. På det meste var det åtte hotell langs dette strekket. Då som no var opplevingar knytt til natur, kultur, historie og menneske det viktigaste innhaldet i reiselivsproduktet.

Utover 1900-talet var Suldalsamfunnet prega av fleire store kraftutbyggingar, med Hydro si utbygging Røldal-Suldal Kraft på 60-talet med hovudsetet på Nesflaten og med Nord-Europas største kraftutbygging, Ulla Førre, på 1980-talet, med Noregs største damanlegg Blåsjø og kraftstasjonane i Saurdal, Kvilldal og Hylen. Desse utbyggingane gjorde fleire område i kommunen lett tilgjengeleg, og etterkvart utvikla området rundt Gullingen og vidare innover i Suldalsheiane seg til å bli rekreasjonsområde for friluftsliv med turløyper, DNT sitt turnettverk og turisthytter, alpinanlegg, tilrettelagte skiløyper og stor hytteaktivitet. I dag er Suldal er ein av dei største hyttekommunane i Rogaland med omlag 2000 hytter, knytt til fjell og fjord.



Ei ringvirkingsanalyse gjort av Menon Economics i 2019 viser at reiselivet i Suldal har hatt ei betydeleg vekst inn i det 20 årshundre med ei dobling i verdiskapinga til reiselivet frå 2004 til 2017. Undersøkinga viste at turistane kjem til Suldal for å oppleve natur og små tettstadar. Nasjonal turistveg Ryfylke og posisjonen mellom Lysefjorden og Trolltunga er også ein viktig bidragsytar til auka trafikk gjennom kommunen.

### **Reiselivet i Suldal i dag**

Reiselivet i Suldal er av ei dei viktigaste næringane i Suldal i dag, og bidreg i eit normalår til omlag 200 arbeidsplassar og ei årleg verdiskaping på 200 millionar kroner til lokalsamfunnet (Menon, 2019). Vidare er reiselivet ei næring som bidrar til attraktive arbeidsplassar i heile kommunen der alle grendene er representert, gjennom å arbeide for utvikling og drifting av gode opplevingar, arrangement og møteplassar. Dette er også med på å skape attraktive og levande grender for lokalbefolkninga, og bidreg til å styrkje Suldal sin attraktivitet som stad å busetja seg. Reiselivet har også tatt ei viktig posisjon innanfor den berekraftige omstillinga som merka «Berekraftig reisemål» og med stadig fleire miljøsertifiserte verksemder. I dag er Suldal blant dei beste i landet når ser miljøsertifiserte verksemder opp mot talet på innbyggjarar. Grunnmuren i reiselivet i Suldal er små- og mellomstore reiselivsbedrifter, i tillegg til frivillige lag og organisasjonar, lokalbefolkning og andre eldsjeler.

I Suldal har ein ei nokre større overnattingsaktørar som er spreidd utover fleire grender, i tillegg til ei rekke hyttetun som ofte blir haldt ved sidan av anna drift. Desse hyttene ligg i stor grad til gardsdrift langs Suldalslågen eller som fritidshytter langs fjorden. Menon sin analyse viser at det var 46,000 kommersielle gjestedøgn i Suldal i 2017, derav 27,000 på hotell og 19,000 på campingplassar og i hyttegrender. Vidare viser analysen at det er omlag 166,000 gjestedøgn ved fritidsbustadane i Suldal. Hytteundersøkinga frå 2017 viser at omlag 50% av dei nyttar hytta mellom 30-90 dagar i året. Dei siste åra har ein sett ein aukande grad av AirBnb hytter i Suldal. I 2022 har Suldal i overkant av 60 aktive AirBnb tilbydarar. Suldal har også fleire flotte gjestehamner spreidd utover reisemålet.



Natur, ro og grendeliv er viktige pilarar for Suldal si merkevare som ein reiselivsdestinasjon (Menon, 2019). Kvart einaste år fyller Suldalslågen seg opp med laksefiskarar frå fjernt og nær, der grunneigarar opplever at fiskekorta for ein sesong gjerne er utselt fleire månadar i forkant. Suldal er også heim til det første laksestudio i Noreg, som har omlag 10,000 besøkjande i eit normalår i opningstida frå juni-september. DNT sitt løypenettverk, kommunalt turnettverk, skiløyper og alpingsenter er også viktige trekkplaster. Stavanger turistforeining, lokalt organisasjonsliv som turlag og idrettslag, frivilligheita og det uorganiserte friluftslivet er viktige aktørar for å bruk, drift og vidareutvikling av desse tilboda. Vidare viser Menon si analyse at det å besøke tettstadar og byar er viktig for dei besøkjande. Frå ringverknadsanalysen kan ein sjå at det er serveringsbransjen som har drive veksten inn mot 2017. I 2019 opna også Suldal Bad på Eide på Sand, eit folkebad som har vore eit viktig trekkplaster for besøkjande frå regionen med omlag 35,000 besøkjande dei siste åra.

Kultur, tradisjonar og historie er også viktige element i reiselivsproduktet, der Suldal har blitt kåra til årets kulturkommune i Rogaland fleire gonger. Det regionale museet Ryfylkemuseet har sitt hovudkontor på Sand, i tillegg til at dei driftar historiske anlegg som Nesasjøhuset, Litunet, Kolbeinstveit, Hålandstunet, Røynevarden, skulemuseet på Jelsa og meir. Deira folkemusikkarkiv, bygningsvernsenter, kunnskap og kompetanse er også ein viktig ressurs for reisemålsutviklinga. Kulturhuset i Suldal er den kulturelle storstova i kommunen med faste arrangement, kino, bowling, bibliotek, kafe og utstillingar. «Distriktsmusikarane i Ryfylke», ei gruppe med profesjonelle musikarar, har vore heimhøyrande i kommunen dei siste 25 åra. Gjennom året arrangerer ein også ei rekke ulike festivalar og aktivitetar i kommunesenteret og grendene. Ryfylkedagane er den største, og består av ein marknadsgang i kommunesenteret, ungdomsarrangement, konsertar, kulturinnslag og ei rekke andre møtepunkt. Suldal har vidare ei særeigen posisjon innanfor kraftarkitektur og design der grenda Nesflaten skil seg ut med sin funksjonelle byggestil frå kraftutbygginga på 1960-talet og designhotellet Energihotellet. Arkitekturrundturen Røldal-Sauda-Suldal har også ei av dei mest varierte samlingane av arkitektoniske verk i denne delen av landet. I Suldal finn ein også eit Utvalgt Kulturlandskap (UKL) som inkluderer grendene Hamrabø, Klungtveit og Mogleiv. I 2023 fekk Bjørkenes Gard tildelt Olavsrosa som første i Ryfylke.

Dei siste åra har vore prega av ei krevjande periode for reiselivet som ein følgje av koronapandemien. Det er likevel med glede ein ser at storparten av reiselivsaktørane kom gjennom denne perioden med fokus på utviklingsprosjekt, intern opplæring og stor omstillingsvilje. I denne perioden har ein også sett eit mangfald av nye satsingar i Suldal innanfor fjordcruise, overnatting, aktivitetstilbod, kulturtilbod og gardsturisme. Ei av desse satsingane var etableringa av Hebnes vingard, som den første vingarden i Rogaland. I 2023 ser ein at reiselivet i Suldal står ovanfor nye store utfordringar i møte med stigande inflasjon, stadig aukande prisar og ei minkande kjøpekraft som pregar reisevanane til besøkjande frå Noreg og viktige marknader. Reiselivet har også ei pressande utfordring med å finne god og relevant arbeidskraft der fleire bedrifter står i møte med generasjonsskifte og mangel på kvalifiserte arbeidarar, noko som er forsterka av fråflytting og aldrande befolkning i Suldal generelt. Vidare ser ein at reiselivet i Suldal, i tråd med reiselivet nasjonalt og internasjonalt, i stadig aukande grad er prega av berekraftige skiftet, som endrar reisemønster, forbruksvanar, krav og lovverk. I møte med det berekraftige skiftet og behov for auka rekruttering til Suldal ser ein reiselivet som ein drivar for gode løysingar. Næringa er i dag prega av samarbeidsvilje og engasjement for utvikling av eksisterande og nye tilbod som har som mål å bygge opp om levande grender, attraktive arbeidsplassar og gode sirkulære og berekraftige løysingar dersom møtt med ei styrkja satsing på reiselivet i tida framover.

## PREMISS FOR REISEMÅLSUTVIKLINGA I SULDAL

Reiselivet sin viktigaste ressurs er menneska som bur og arbeider her, kombinert med vår særprega natur og kultur. Reiselivet må difor også arbeide aktivt med å vera ein tydeleg bidragsytar i arbeidet med å spreie kunnskap om, styrkje og verne om desse ressursane for i dag, og for framtida. For å verne om og styrkje dei menneskelege ressursane i Suldal må reiselivet vera ei drivkraft for å sikre at Suldal er ein attraktiv og god bustad. Her er reiselivet i seg sjølv eit verktøy, gjennom å skape gode arbeidsplassar, levande grender og attraktive opplevingar, som kjem fastbuande og besøkjande til gode. Vidare må reiselivet for framtida vera ein aktiv bidragsytar til å verne om, spreie kunnskap og bygge opp om ansvarleg bruk av lokal natur og kultur inn i reiselivsproduktet. Gjennom det re-generative tankesettet som veks fram i reiselivet nasjonalt og





internasjonalt skal ein strekke seg så langt at framtidens forretningsmodellar og tilbod skal bidra til å gjenoppbygge lokale økosystem og samfunn. Samla bygger difor arbeidet med å skape eit attraktivt reisemål på samspelet mellom besøksattraktivitet, bustads- og arbeidskraftattraktivitet og ivaretaking av lokale ressursar. I møte med dette må Suldal sikre at ein legg til grunn eit kunnskapsbasert reiseliv der ein samarbeider på tvers av næring, kunnskapsmiljø og forskning for å sikre ei innovativ, ansvarleg og heilskapleg utvikling.



*Figur: Modell for heilskapleg reisemålsutvikling*

Ved å vurdere dagens situasjon i reiselivet og samfunnet generelt i Suldal opp mot overordna strategiar for utviklinga av reiselivet regionalt og nasjonalt, kombinert med nasjonale og internasjonale trendar, har destinasjonsleiinga identifisert fire premisser som må ligge til grunn for den vidare reisemålsutviklinga i Suldal.

### Reiselivsutvikling som samfunnsutvikling

Som ein kommune med få innbyggjarar, og som også er prega av minkande befolkningstal og ein aldrande befolkning, er reisemålsutviklinga i Suldal sterkt knytt til den øvrige samfunnsutviklinga i alle grendene i kommunen. For å lukkast i reiselivet er ein avhengig av tette samarbeid på tvers av næringar og å ha eit inkluderande reiseliv der organisasjonar og bedrifter frå handelsstanden, landbruk og andre næringar er invitert inn i reiselivet sitt fellesskap saman med meir tradisjonelle reiselivsbedrifter. Å sikre at overnattingsstader drifta i privat regi (AirBnb, m.m.) er invitert inn i fellesskapet er også viktig for å sikre eit reiseliv som famnar om heilskapen av turisttilboda i kommunen. Vidare er reiselivet avhengig av arbeidskraft, kompetanse, kunnskap og kvalitet, noko som er tett knytt opp mot øvrig rekrutteringsarbeid og samfunnsbygging i kommunen. På den andre sida kan også reiselivet bidra til å skape ein meir attraktiv kommune med gode opplevingar, spanande arbeidsplassar og innovative idear som kan bidra til bulyst. Premisset om at reiselivsutviklinga i dag fungerer som ein motor i samfunnsutviklinga er også støtta opp om berekraftsfokuset i reiselivet der næringa ikkje kan bli kopla frå samfunnet, men er ein del av lokalbefolkning, natur og miljø. Ved å sikre ei berekraftig reiselivsutvikling av kommunen tek ein også ansvar for å verne om, informere og skape større tilknytning lokalt til mellom anna kulturarv og naturressursar.

#### Viktigheita av hovudpilarar og kraftfulle satsingar for eit aktivt reiseliv heile året

Trass i sin store krafthistorie og store naturressursar har Suldal per i dag mangel på fyrtårn i reiselivssatsinga og ein tydeleg «reason to go». Laksefiske, kraftarkitektur og vill natur har i nokon grad sett Suldal på det internasjonale kartet som ein reiselivsdestinasjon, men ein opplev likevel at kommunen har mangel på tydelege hovudattraksjonar, og spesielt attraksjonar som er tilgjengelege utanom sommarsesongen. I ei tid der berekraftsperspektivet gjer at besøkjande også gjerne ønskjer å opphalde seg i lengre tid på eit reisemål ser ein styrkja behov for å sikre at ein kan tilby eit skattkammer av aktivitetar gjennom heile året. Per i dag er fleire av aktivitetane sesongprega, anten det er laksesesongen, perioden av året der vassmagasin eller naturområde er frie for snø eller hovudsesongen om sommaren med tilbod som gardsbesøk, aktivitetar og arrangement. Utanom sommarsesong er det difor krevjande å finne opplevingar over fleire dagar som ikkje krev større gruppebestillingar. Som ein av dei største og viktigaste kraftkommunane i Noreg og i Europa ser ein på heilårige og allment tilgjengelege opplevingar knytt til fornybar energi og kraftturisme som eit område med stort potensiale for reisemålet Suldal å setje seg på verdskartet, som ei historisk viktig næring som



også blir meir og meir aktuell i tida framover. Vidare ser ein at ein har eit stort potensiale for å vidareutvikle og utvikle heilårige natur- og kulturbaserte opplevingar, samt levande grendesentrum og aktivitetar. Ein har også eit potensiale i å løfte Suldal som ein vinterdestinasjon og utvikle fleire opplevingar og aktivitetar for vintersesongen. For å få til dette er ein avhengig av felles satsingar, auka kapitaltilgong og styrkja investeringsvilje i kommunen.

### Trygge og miljøvennlege transportårer og mobilitetsløyser

Eit viktig premiss for å sikre ei berekraftig reisemåls- og samfunnsutvikling er å sikre trygge og miljøvennlege ferdselsårer inn og ut av kommunen, og på tvers av grendene internt i Suldal. Ei hovudutfordring per i dag er den særst rasfare-utsette RV 13, som i tillegg til å vera skuleveg og pendlarveg er ein del av Nasjonal Turistveg Ryfylke. Vidare ser ein eit behov for å vidareutvikle dagens kollektivtilbod inn til kommunen via båt og buss. Det er også eit behov for å løfte fram desse tilboda for å gjera det enklare for lokalbefolkning og gjester å ta eksisterande tilbod i bruk. Ein ser eit stort potensiale for å utvikle fleire kollektivløyser lokalt og regionalt, i tillegg til trygge ferdselsårer for miljøvennleg transport mellom grendene. Her må ein også styrkje kollektive «heilt fram»-løyser opp mot mellom anna friluftslivområde og område for fritidsbustadar. Kommunen har dei siste åra gjort eit arbeid med å etablere fleire tømestasjonar for campingbilar, parkeringsplassar for campingbilar, ladestasjonar for elbilar og turistskilt med informasjon mot besøkjande. Det er avgjerande at denne satsinga held fram for å sikre ein god infrastruktur langs ei av Noreg sine viktigaste turistruter, for å unngå forstyrring av natur og lokalbefolkning og for å utnytte potensialet ein har til å få gjennomfarande bilturistar til å bli i kommunen over ei lengre periode og å bidra til ytterlegare verdiskaping lokalt og i regionen.

### Konkurranseskraft og kompetanseheving gjennom samhandling og partnerskap

I møte med framtidens reiseliv er det avgjerande for Suldal som ein mindre distriktskommune å følgje med på den berekraftige omstillinga, den digitale transformasjon og andre viktige skifte i næringa for å sikre konkurransefortrinn, høg innovasjonsevne, ressursparande løyser og eit nyskapande miljø lokalt og regionalt. Her må ein sikre at næringa har tilgong på nettverk, møteplassar og program som knyter aktørane i



destinasjonsleiinga så vel som bedriftene opp mot leiande kunnskaps- og kompetansemiljø innanfor relevante område. Ein må også arbeide tett på tvers av det offentlege, lokalbefolkning, næring og andre interessentar for å sikre at ein maksimerer moglegheiter og minimerer risiko knytt til reiselivsnæringa i Suldal. For eit reisemål som i stor grad bygger på små verksemder, der tilsette ofte tilbyr reiselivsopplevingar ved sidan av anna jobb eller drift, er det viktig å sikre målretta og lokalt tilpassa program for felles kompetanseheving, produktutvikling og forretningsutvikling som bygger opp om ei heilårsbasert, berekraftig næring der målsetninga er heilårig sysselsetting og høg kvalitet på reiselivsproduktet. Samhandling og partnerskap på tvers av reiselivet og relaterte aktørar i utviklinga av produkt, pakking av opplevingar, kampanjar og kommunikasjonsarbeid er også avgjerande for å bidra til at besøkjande kjem heile året, blir lengre og opplev meir. Eit viktig premiss for vidareutvikling av reisemålet Suldal er å sikre ressursar, samarbeid og felles innsats for å sikre at berekraftsperspektiv og indikatorane til «Berekraftig reisemål» ordninga blir ein del av alle aktørar i reiselivet sine strategiar, handlingsplanar og daglege praksis. Det er også viktig å sikre samarbeid og nettverksarenaer for å effektivisere og samordne arbeidet inn mot dette felles nasjoanle rammeverket.

## **STRATEGISK KOMPASS FOR REISEMÅLET MOT 2030**

I denne strategien har destinasjonsleiinga tatt utgangspunkt i viktigheita av å etablere ein tydeleg og konkret hovudstrategi fram mot 2030. For å utnytte reiselivet sitt fulle potensiale som ein samfunnsbygger ser ein viktigheita av å setje ambisiøse mål og samle å seg om felles satsingsområde for å ha ein tydeleg og samla kurs dei neste sju åra som vil gi positive effektar på fastbuande, besøkjande og næring.

### **Visjon**

Innan 2030 skal Suldal ha posisjonert seg som ein leiande kraftdestinasjon nasjonalt og internasjonalt, der ein møter eit skattkammer av attraktive, autentiske og ansvarlege opplevingar knytt til natur og kultur.

**Kva legg ein i «Suldal som Noregs leiande kraftdestinasjon»?**



I Suldal har ein eit rikt mangfald av opplevingar basert på lokal natur, kultur, historie og tradisjon, som bygger på vår lange reiselivshistorie. Denne breidda av opplevingar er kjernen i reiselivsproduktet til Suldal, som ein skal ta med seg og vidareutvikla for framtida. Skal ein lukkast med å posisjonere reisemålet Suldal nasjonalt og internasjonalt er det likevel viktig å sikre tydelege fyrtårn og ei spissing av merkevara der ein skiljer seg merkbart frå andre reisemål og destinasjonar. Suldal sin posisjon som den viktigaste kraftkommunen i Noreg er det største konkurransefortrinnet ein har. Gjennom ei heilskapleg og kraftfull satsing på formidling av produksjon av fornybar energi opp mot vern av natur og miljø vil ein kunne skape eit heilårig trekkplaster inn til reisemålet og ta ei tydeleg rolle nasjonalt og internasjonalt. Målet er at kraftdestinasjonen Suldal skal bygge opp om skattkammeret av opplevingar på reisemålet, men også at skattkammeret av opplevingar skal setje ramma for gode besøk til kraftdestinasjonen

## Misjon

Reiselivet i Suldal skal vera ei drivkraft for gode besøks- og buopplevingar i og på tvers av grendene våre, som bygger opp om attraktive og heilårige arbeidsplassar.

## Verdiar

### Attraktiv

Reiselivet i Suldal skal tilby eit mangfald av opplevingar som gjer reisemålet vårt og kommunen vår til ein attraktiv stad å bu, arbeide og besøkje heile året.

### Autentisk



Reiselivet i Suldal skal ta i bruk Suldal sin natur, kulturarv, tradisjonar og menneska som bur i her som grunnfundamentet i reisemålsutviklinga. Vidare skal reiselivet bygge ei merkevare for reisemålet som bygger identitet, stoltheit og ansvarsfølelse hjå dei fastbuande, som vil danne grunnlaget for merkevara ut mot besøkjande.

### Ansvarleg

Reiselivet i Suldal skal ta ansvar for at ein utviklar Suldal i ei retning der ein sikrar at destinasjonen vår skal vera ein god stad å bu og besøkje i dag, i morgon og for framtidige generasjonar, der natur, miljø, dyr og kultur mangfald er verna om.

### **Mål for 2030**

Fram mot 2030 har ein sett følgjande målsetningar for reisemålet:

- Suldal er ein føretrukken stad å bu og besøkja
- Suldal er ein god stad å arbeida med heilårige, attraktive arbeidsplassar
- Suldal har eit mangfald av møteplassar, opplevingar og aktivitetar for fastbuande og besøkjande, basert på verdigrunnlaget vårt
- Suldal er ein føregangsdestinasjon for kunnskapsbasert utvikling av reiselivet

### **Prioriterte strategiområde**

<b>1. Å utvikle og vidareutvikle kraftfulle opplevingar heile året, forankra i lokal kultur og natur</b>	A. Å posisjonere Suldal som Noregs fremste kraftdestinasjon
	B. Å utvikle og vidareutvikle kraftfulle, heilårige opplevingar i Suldal, med utgangspunkt i lokal natur, kultur, historie og tradisjon

	C. Å posisjonere Suldal som ein matdestinasjon
<b>2. Å bygge opp om eit attraktivt næringsliv</b>	A. Å sikre eit framtidsretta og attraktivt næringsliv med heilårige arbeidsplassar
	B. Å sikre nyskapande og ansvarleg merkevarebygging av reisemålet, som løfter fram dei næringsdrivande.
	C. Å vera ein aktiv bidragsytar for godt lokalt, regionalt og nasjonalt samarbeid som aukar kompetanse og attraktivitet i Suldal og regionen.
<b>3. Å sikre ansvarleg besøksforvaltning og reisemålsutvikling</b>	A. Å etablere målretta aktivitetar for kvalitetssikring av gjesteopplevingane i Suldal.
	B. Å sikre fasilitetar og infrastruktur som legg til rette for trygg, miljøvennleg og ansvarleg ferdsel i kommunen, og som vidare bidrar til auka verdiskaping i Suldal
	C. Å verne om sårbar natur, dyr og kultur i tråd med forvaltningsplanar og besøksstrategiar for verneområda
	D. Å forvalte statusen som «Berekraftig reisemål», og å utvikle program som vidarefører relatert kunnskap og kompetansehevande tiltak til næringa.